



NST Agentur (Nilsen serviceteam)  
Lervikvegen 75  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1530 - 15/19745

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
04.11.2015

## Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg for ein fritidsbustad på Bratshaug, gbnr 53/11,14

**Administrativt vedtak. Saknr: 391/2015**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 20.05.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 28.09.2015, søkt om utsleppsløyve, 5 pe, for ein fritidsbustad på Bratshaug, gbnr 53/11, 14. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa utslepp skal førast til terreng via ei sandfiltergrøft på eigen eigedom.

Eigedomen har i dag eit gråvassutslepp, godkjent 18.10.2000, jfr administrativt vedtak i sak 178/2000, men det skal no installerast vassklosett.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

#### Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

<b>Føretak:</b>	<b>Godkjeningsområde:</b>
NST Agenturer Org.nr 985402787 Lokal godkjenning	SØK, heile tiltaket (tkl 1) PRO, dimmensjonering og plassering (tkl 1) UTF, plassering og montering av reinseanlegg (tkl 1)

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve for ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 53/11 og 14, i samsvar med søknad motteke 20.05.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 28.09.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad, jfr plan- og bygningslova.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt til tiltakshavar.

#### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Utslepp 53-11, 14

**Kopi til:**

Bjørn Inge Eggen

Skjellangervegen 5917  
883

ROSSLAND

**Mottakere:**

NST Agentur (Nilsen serviceteam)

Lervikvegen 75 5936

MANGER